



REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Tid: 28.05.18, kl 11.30

Stad: Kjeksdalen

Desse representantane møtte:

Austrheim:	Hardy Pedersen, Gro Kaland
Fedje:	Ingmar Stuberg
Gulen:	Margrethe Thune Trædal
Lindås:	Leidulv Brunborg, Nina Stabell Øvreås, Leif Hosøy Sleire
Masfjorden:	Egil Kvingedal, Ragnvald Tangedal
Meland:	Mabel Ingeborg Johansen, Tormod Skurtveit
Modalen:	Liv-Anne Aanesen (leiar)
Radøy:	Torill Helland
Solund:	Linne Lending

Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar) og Ragnhild Tykhelle Langøy

Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref), Erlend Kleiveland (økonomisjef) og Hilde Lysø (seniorrådgjevar)

Om frammøtet:

Ved møtestart (og møteslutt) var 13 representantskapsmedlemmer til stades. NGIR sine vedtekter (og lov om interkommunale selskap) krev at minst to tredelar av medlemmene må vera til stades for at representantskapet skal vera vedtaksført. Med 19 medlemmer totalt, inneber det at minst 13 medlemmer må vera til stades for at NGIR sitt representantskap skal vera vedtaksført. Det er ikkje første gong NGIR opplever ein slik situasjon, og følgjande tekst står difor på innkallingane til representantskapsmøta:

"Me har tidlegare opplevd at NGIR sitt representantskap ikkje har vore vedtaksført som fylgje av stort forfall utan varsel / varsel med særskilt kort frist. Me oppfordrar difor alle til å meld frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til post@ngir.no."

Representantskapsmedlemmene (og varamedlemmene) vert igjen oppmoda om å prioritera å stilla på NGIR sine representantskapsmøte, og – viss det ikkje er mogleg å møta – å melda forfall så tidleg som råd.

Sakliste:

- | | |
|-----------|--|
| Sak 04/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 05/18 | Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll |
| Sak 06/18 | Meldingar <ul style="list-style-type: none">a) Diverse munnleg orienteringb) Avfallsmengder 2017c) Alver kommune. Samanslåing. Informasjon v/Ørjan Raknes Forthun. |
| Sak 07/18 | Årsrekneskap 2017 |
| Sak 08/18 | Årsmelding 2017 |
| Sak 09/18 | Honorar til revisor for 2017 |
| Sak 10/18 | Val av medlemmer og varamedlemmer i styret |
| Sak 11/18 | Val av leiar og nestleiar i styret |
| Sak 12/18 | Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring |

Liv-Anne Aanesen leia møtet.

Møtet starta med namneopprop, og deretter mat.

Sak 04/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det var semje om å handsama sak 12/18 (Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring) direkte etter orienteringa frå Ørjan Raknes Forthun (i sak 06c/18).

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.

Sak 05/18 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Framlegg i møtet:

Torill Helland og Leif Hosøy Sleire skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

Framlegget vart samråystes godkjent.

Sak 06/18 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

Strandrydding

Bjørn Berg orienterte.

NGIR har hatt fokus på strandrydding sidan 2015. Eigen strandryddekoordinator er på plass. Total mengde avfall som er rydda inn av friviljuge sidan oppstart er om lag 140 tonn. Aksjonar vert registrerte på heimesida vår i eit eige strandryddekart. NGIR leverer ut plastsekkar og hanskar, og ved større mengder avfall set me ut konteinrarar etter avtale med dei friviljuge som skal rydda. Når aksjonane er ferdige køyrer me inn avfallet. NGIR sine kostnadar knytt til strandrydding vert dekka inn via statlege midlar sett av til dette føremålet. Kostnaden påverkar difor ikkje renovasjonsgebyret.



Fram til no i 2018 har me fått inn 36,5 tonn. I Austrheim og Gulen har me enno ikkje henta inn konteinrarar. Me reknar med at den totale mengda i 2018 vert vesentleg høgare enn i dei førre åra.

Nedgravne løysingar

Bjørn Berg orienterte.

NGIR har den siste tida jobba med å få etablert nedgravne avfallsløysingar, som fellesløysing for burettslag og sameige i sentrale strok. Dette som ei erstatning for løysingar me har i dag med store stålkonteinrarar (overflatebehaldarar). Nedgravne avfallsløysingar må ikkje forveklast med "bossug".

NGIR har fått laga ei renovasjonsteknisk norm som skal regulera forholda kring etablering og drift av ei slik ordning. Dette er gjort i samarbeid med andre renovasjonsselskap på Vestlandet. Det er også utarbeidd forslag til eigarskapsavtale mellom utbyggjarar/brukarar og NGIR. Anbodsprosess er gjennomført, og det ligg føre ein rammeavtale på kjøp av utstyr.

Føremonna med nedgravne løysingar er at dei er estetisk betre, anlegga har lengre levetid enn overflatebehaldarar, og det er lågare vedlikehaldskostnadar for anlegga. Ulempene med ordninga er at investeringeskostnadane er høgare enn ved overflatebehaldarar, noko som set

større krav til finansieringsmodell. I byrjinga av mai vart det gjennomført eit møte med teknisk administrasjon frå Lindås og Meland for å diskutere vegen vidare.

b) Avfallsmengder 2017

Erlend Kleiveland orienterte om mengder og samansetjinga av avfallet som NGIR tok hand om i 2017, både hushalds- og hytteavfall, og næringsavfall.

c) Alver kommune. Samanslåing. Informasjon v/Ørjan Raknes Forthun

Forthun (som i dag er rådmann i Lindås kommune, og som vil verta rådmann i den nye Alver kommune) hadde 3 punkt han ynskja å informera om: 1. Status Alver kommune, 2. Nødvendige endringar i vedtekter som følgje av Alver kommune, og 3. Bakgrunn for hovudprosjekt med politisk styring: IKS og selskap.

Forthun informerte om organisering og leiarstruktur i nye Alver kommune, og om alle del-prosjekta som er sett i gong for å førebu den nye kommunen. Til no er om lag 100 prosjekt definert, og «Prosjekt IKS og eigarskap» vil venteleg ha fokus frå 1.1.2019 til midten av 2020.

Forthun gjorde greie for korleis den politiske overgangen til ny kommune vil verta, og kva mynde Fellesnemnda har i samband med dette. Det er Forthun sitt syn at Fellesnemnda ikkje kan gjera vedtak om endringar i selskapsavtalen for NGIR, og at det difor må vera det nyvalde kommunestyret for Alver kommune (valt av innbyggjarane i Lindås, Meland og Radøy kommunar ved kommunevalet i september 2019) som i nov./des. 2019 vedtek naudsynte justeringar i NGIR sin selskapsavtale, slik at NGIR sine vedtekter har ein korrekt ordlyd når Alver kommune vert ein realitet frå 01.01.2020. Forthun understreka at det er særsmange formalitetar som må på plass kring etableringa av Alver kommune, og at det difor berre vil vera kapasitet til å gjera endringar av "formell karakter" i NGIR sin selskapsavtale før den nye kommunen er etablert. Forthun kan ikkje sjå at det skal by på problem å få gjort likelydande vedtak knytt til dette i alle kommunestyra i NGIR-kommunane hausten/vinteren 2019. Forthun varsla at Alver kommune truleg vil koma tilbake til ein meir omfattande gjennomgang av NGIR sine vedtekter på eit seinare tidspunkt, der t.d. representasjon i styrande organ vert tema. (Tilsvarande prosessar vil og verta gjennomført for andre IKS som Alver kommune skal delta i.)

Representantskapet tok orienteringane til vitring.

Sak 07/18 Årsrekneskap 2017

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for dei økonomiske resultata for 2017.

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2017	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 2 451 000	kr 1 693 000	kr 758 000
Verksemd	kr 387 000	kr 0	kr 387 000
Slam	-kr 272 000	-kr 393 000	kr 121 000
Bilvrak	kr 514 000	-kr 133 000	kr 647 000
Totalt	kr 3 079 000	kr 1 167 000	kr 1 912 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivingar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2017 utgjer den 1,98 %.

NGIR har i 2017 investert i varige driftsmidlar for 10,2 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.17 er kr 42 415 000, ein reduksjon på kr 2 497 000 frå 2016. Eigenkapitalprosenten er 57 %, det same som i 2016.

Forpliktingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 446 000, medan pensjonsforpliktingane auka med kr 1 031 000. NGIR hadde per 31.12.17 ei langsiktig lånegjeld på kr 25 837 500.

Rekneskapen gir eit rettvisande bilet av eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2017.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 842 181) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

Disponering: **Sum etter disp.**

Bruk av utjamningsfond hushald	-2 971 514	-70 883
Avsetjing til utjamningsfond slam	1 117 525	4 139 280
Avsetning til etterdriftsfond	742 129	15 071 145
Avsetning til eigenkapital	11 124	45 692 336
Sum disponering	-1 100 736	

Samråystes tilrådd i styremøte 07.05.18.

Samråystes godkjent av representantskapet 28.05.18.

Sak 08/18 Årsmelding 2017

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for delar av innhaldet i NGIR si årsmelding. Årsmeldinga vil verta distribuert m.a. til NGIR sine eigarkommunar, med oppmading om å gje ho tilgjengeleg for alle medlemmane i kommunestyra.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2017 fram for representantskapet for godkjenning.

Samråystes tilrådd i styremøte 07.05.18.

Samråystes godkjent av representantskapet 28.05.2018.

Sak 09/18 Honorar til revisor for 2017

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2017 er sett til kr 46 000.

Budsjetterte kostnader for 2017 var kr 48 000.

Kostnaden for 2016 var kr 45 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 46 000.

Samrøystes tilrådd i styremøte 07.05.18

Samrøystes godkjent av representantskapet 28.05.2018.

Sak 10/18 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

På konstituerande møte 14.03.16 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)

Nina Stabell Øvreås (Lindås)

Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara

Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda valde i sitt første møte Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

Valnemnda si vurdering før NGIR sitt årsmøte 2017:

Det er valnemnda si oppfatning at det er eit godt samarbeidsklima i styret, og at det er viktig med stabilitet i dei arbeidsprosessane som styret arbeider med no.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 28.05.18:

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2019)

Ragnhild Tykhelle Langøy, Austrheim (2019)

Helge Fjellanger, Lindås (2020)

Kristin Handeland, Fedje (2020)

Martin Soltveit, Radøy (2020)

Varamedlemmer:

1. vara: Kariann Ekren, Masfjorden (2019)
2. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2019)
3. vara: Sissel Kråkås, Solund (2019)

Frå valet

Nina Stabell Øvreås orienterte om valnemnda sitt arbeid, og dei vurderingane som låg til grunn for valnemnda sitt forslag.

Ingen bad om at det vart gjennomført skriftleg val, og det kom ingen forslag på andre kandidatar.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 11/18 Val av leiar og nestleiar i styret

Valnemnda si vurdering før NGIR sitt årsmøte 2018:

Det har vore og er viktig med ei stabil leiing i dei prosessane NGIR er inne i som krev god kjennskap til bedrifta. Og når samarbeidsklima i styret er av slik art som det er, finn ikkje valnemnda gode grunnar for større endringar i styrets leiing på dette tidspunkt.

Val av styreleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar i styret gjera innstilling om at sitjande styreleiar Helge Fjellanger vert attvald som styreleiar for neste periode.

Val av nestleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar gjera innstilling om at sitjande nestleiar Ottar Skjelvik vert attvald som nestleiar for neste periode.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvald som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvald som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 12/18 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring

Saksutgreiing

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune har vedteke å slå seg saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at §§ 2, 4, 5, 8 og 13 i NGIR sine vedtekter (selskapsavtale) må endrast.

Sjå saksutgreiing til representantskapssak 12/17.

På representantskapsmøtet 13.11.17 vart det gjort følgjande vedtak:

"Handsaming av Sak 12/17 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring vert utsett til representantskapsmøtet i mai 2018."

Saka vert no lagt fram for representantskapet for ny handsaming.

Framlegg til vedtak (frå hausten 2017)

Styret rår til at representantskapet gjer følgjande vedtak:

I samband med samanslåinga av kommunane Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune, med verknad frå 01.01.2020, er det naudsynt å gjera endringar i NGIR sine vedtekter (selskapsavtale). Dei aktuelle vedtektsendringane må godkjennast av alle NGIR sine eigarkommunar (og Fellesnemnda for den nye kommunen), og NGIR inviterer difor til eit samarbeid om prosessen fram mot dette. Då slike prosessar tek tid, føreslår NGIR at det så snart som råd vert oppretta ei arbeidsgruppe for dette, med NGIR som sekretær. Alle eigarkommunane i NGIR vert oppmoda om å oppnemna ein representant til ei slik arbeidsgruppe, og å melda tilbake til NGIR innan 15.01.18 om kven som vert kommunen sin representant. Det kan vera tenleg at ein av kommunen sine medlemmar i NGIR sitt representantskap vert medlem i ei slik arbeidsgruppe. Kommunane Lindås, Meland og Radøy avgjer arbeidsdelinga mellom dei eksisterande kommunane og Fellesnemnda for den nye kommunen.


Saka vart no handsama direkte etter orienteringa frå Ørjan Raknes Forthun (i sak 06c/18).

Etter ein del diskusjon vart representantskapet samde om *ikkje* å støtta styret sitt framlegg til vedtak. I staden vart følgjande framlegg til vedtak formulert:

Representantskapet ber styret i NGIR om å leggja fram forslag til naudsynte endringar i NGIR sin selskapsavtale, knytt til etableringa av Alver kommune, til representantskapsmøtet hausten 2018.


Dette vart samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjевikdalen, 28.05.18



Liv-Anne Aanesen

-Representantskapsleiar-



Torill Helland

-Representantskapsmedlem-



Leif Hosøy Sleire

-Representantskapsmedlem-

